




Det kongelige kultur- og kirkedepartement
Kulturavdelingen
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo



15. mai 2008

Arkivkode (vår ref.): 07000120.08t
Saksbehandlar: Trygve Brandal
Direkte innval: 52 79 29 54
E-post: trygve@ryfylkemuseet.no

Oppfølging av UNESCOs konvensjon om immateriell kulturarv. Høyringsvar frå Ryfylkemuseet

Vi syner til Dykkar brev av 25.3. d.å. med ref. 2006/01008 KU/KU2 CHA:mmt.
Vi vil i dette høyringsvaret fokusera på to viktige arbeidsfelt ved vårt museum som vedkjem immateriell kulturarv – folkemusikk og bygningsvern.

Folkemusikk

Folkemusikkarkivet for Rogaland er eit fylkesomfattande arkiv organisert som ei avdeling på Ryfylkemuseet. Arkivet har eit tredelt arbeidsområde: 1. dokumentasjon/feltarbeid, 2. registrering/katalogisering og 3. formidling. Då stoff som ligg i eit arkiv ikkje er levande kulturarv, legg vi stor vekt på formidlingsdelen. Det vil seie at vi ser det som svært viktig å oppretthalde kunnskapen knytta til framføring av songane, musikken og dansane. Det kan vi berre gjere ved å heile tida sørge for at det finst aktive tradisjonsutøvarar.

Eit rikholdig, godt sikra og brukarvenleg arkiv, tilsette med høg fagleg kompetanse og eit sterkt fokus på "den handlingsborne kunnskapen", er viktige reiskap i sikring og vidareføring av kulturarven knytta til song, musikk og dans. Dette koster sjølsagt pengar. Det trengs og midlar til drift og vidareutvikling av registreringsprogrammet FIOLO AV, som er eit eige registreringsprogram for folkemusikk- og folkedansarkiva.

For Folkemusikkarkivet for Rogaland er den største utfordringa no å få skaffa midler til digitalisering av arkivet etter gjeldande IASA krav, eit prosjekt som er knytta både til sikring og formidling.

Folkemusikkarkiva samarbeider gjennom "Nettverk for norske folkemusikkarkiv", der konservatoren ved Folkemusikkarkivet for Rogaland er nyvald leiar.

Vi stiller oss elles bak høyringsvaret frå Rådet for folkemusikk og folkedans.

Bygningsvern

Ved Ryfylkemuseet har vi sidan 1995 arbeidd systematisk med registrering og dokumentasjon den handlingsborne kunnskapen knytta til tradisjonelle bygningsfag i Ryfylkeregionen, og arbeidd med atterreising og vidareføring gjennom såkalla dokumentasjonsprosjekt. Vi har

nytta modellen med tradisjonsberar, fagfolk og dokumentator. Det er gjennomført fleire prosjekt innanfor faga

- muring med stein - muring med leire
- på skogen etter virke
- laft med kinningsnov
- laft med sinknov m/tapp
- grindbygg (stavkonstruksjon)
- riving av never
- tekking med never og torv

Målgruppa for atterreising og vidareføring har vore

- museumshandverkarar
- handverkarar i regionen
- skogeigarar
- sag brukarar
- praktikantar og lærlingar

Dokumentasjonsmaterialet er samla og lagra på museet. Etter kvart har vi bygd opp eit relativt stort materiale og ein god kompetanse på desse områda. Vi var tidleg ute og fekk med lokale handverkarar som var berarar av ein tradisjon. I dag er fleire av desse borte, eller ikkje i stand til sjølve å delta i arbeidet.

Som leiar av Nasjonalt nettverk for bygningsvern på musea (Byggnettverket) er Ryfylkemuseet kjent med at liknande arbeid vert gjort ved fleire regionmuse i landet. Ein har erfart at det kan vera store skilnadar i måten å utføra arbeidet på innan små geografiske områder. Det gjeld materialval, handalag, teknikk og seiemåte. Det er viktig å fanga opp desse lokale variantane og føra dei vidare. Regionmusea som forvaltar bygningar bør vera mellom dei lokale aktørane i dette arbeidet.

Dei lokale musea bør fokusera på dei områda der ein framleis har tilgang på noko lokal tradisjonskunnskap.

Norsk handverksutvikling er ein institusjon som alt har tatt på seg eit ansvar for registrering og dokumentasjonsarbeid for små og verneverdige handverksfag. Det ligg såleis til rette å leggja ei samordningsoppgåve for handverksfaga til denne institusjonen. Skal denne institusjonen fungera som sentralt register, er det ein føresetnad at han blir ein frittstående institusjon både fysisk og administrativt, med eige styringsorgan med representantar for dei ulike aktørane.

Det er naturleg at ansvaret for formidling av lokalkunnskapen ligg hjå den lokale institusjonen. Den sentrale institusjonen bør ha som oppgåve å vita kor lokalkunnskapen finst.

Med helsing
for Ryfylkemuseet


Trygve Brandal

Førstekonservator